

Omframnt årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen
måndag 04. april 2016, kl. 19.00

Sak 1 Velkomen / opning

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut til alle medleamar den 07.03.16

Vedtak: *Innkallinga vart samrøystes godkjend.*

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut til alle medleamar den 07.03.16.

Vedtak: *Saklista vart samrøystes godkjend.*

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: *Vegard Opheim og Stig Vaular*

2.4 val av skrivarar

Vedtak: *Marit Kvamen og Magne Hagesæter*

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: *Stig Indrebø og Nina Blågestad*

2.6 val av teljekorps

Vedtak: *Martin Nessen og Frode Myhra*

Det blir opplyst at det er 18 med røysterett og 1 utan.

Sak 3 Endring av Føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt Reservefondet

Borghild orienterer om bakgrunnen for forslaget.

Låneavtalen med Ervingen Lagsbruk AS er endra og det er difor naudsynt å endre føresegnene for Reservefondet §3 Fondsmiddel og §6 Løyvingar.

Etter årsmøte 24.02.15 blei det utarbeid et nytt framlegg til endring av Føresegner, som blei lagt fram for rådet 03.03.16

Tilråding frå Rådet den 03.03.16: *Rådet tilrår årsmøtet å vedta framlegget til endring av føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt reservefond med mindre endringar.*

Desse hadde ordet:

Torgrim Ljones, Borghild Opdahl, Frode Myhra, Eldbjørg Gunnarson.

Ordstyrarane orienterer om lagslova.

Samrøystes vedtak:

a. Årsmøtet vedtek framlegget til endringar av føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt Reservefond.

Sak 4 Rekneskap for 2015

Borghild Opdahl legg fram rekneskapen for laget.

Vedtak i sak 7 på årsmøte 2015 (framhald 25.03) : "KPI-regulering av obligasjonen i Reservefondet, kr. 209.600,-, vert å overføra til lagsrekneskapen 2015."

Vedtak i sak 7 var ikkje akseptert av Fonds- og eigedomsstyret. Årsmøte kan vedta løyvingar frå bunden fondsmiddel Reservefondet. Styret gjer difor framlegg i saken om at 209 600,- blir overført til lagsdrifta.

6.1 LØYVINGAR AV BUNDEN FONDSMIDDEL

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

Frode Myhra legg fram rekneskapen for fond- og eigedomsstyret.

Ordstyrare les revisjonsmelding datert 01.04.16.

Tilråding frå Rådet den 03.03.16:

Rådet tilrår stadfesting av vedta i sak 7 på årsmøte 2015.

Rådet tilrår godkjenning av lagsrekneskapen 2015.

Rådet tilrår styret sitt forslag om at rådet får fullmakt til å godkjenne rekneskapen for fond- og eigedomsstyret.

Desse hadde ordet:

Eldbjørg Gunnarson, Halvor Røyset, Borghild Opdahl, Frode Myhra, Åslaug Trageton, Halvor Røyset, Borghild Opdahl, Frode Myhra.

Samrøystes vedtak:

- a. Årsmøte godkjenner løyving av 209 600,- frå bunden fondsmiddel i reservefondet til lagsdrift.
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2015.
- c. Årsmøtet gjer rådet fullmakt til å godkjenne endelig rekneskap for fonds og eigedomsstyret.

Sak 5 Budsjett 2016

Borghild Opdahl legg fram budsjettet for laget.

Frode Myhra legg fram budsjettet for fond- og eigedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 03.03.16:


Rådet tilrår at budsjettet blir lagt fram for årsmøte.


Rådet tilrår styret sitt forslag om at rådet får fullmakt til å godkjenne budsjett for fond- og eigedomsstyret.

Desse hadde ordet:
Halvor Røyset.

Samrøystes vedtak:

- a. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2016 for laget.
b. Årsmøte gjer rådet fullmakt til å godkjenne endelig budsjett for fonds og eigestyret.


Nina Blågestad


Stig Indrebø